

# HANDLINGSPLAN LANDBRUK VEDTAK KST 096/23 HJELMELAND KOMMUNE 2024-2028



**HJELMELAND  
KOMMUNE**

Foto over: Hilde Hauge/Feien og Fjong



Endeleg vedtatt 02.11.2023

## Innhald

HANDLINGSPLAN LANDBRUK VEDTAK KST 096/23 .....	1
1 Innleiing .....	3
2 MÅLSETTINGAR .....	4
2.1 Kva seier kommuneplanen:.....	4
2.2 Målsettingar for landbruket i Hjelmeland.....	4
3 Status og nøkkeltal .....	6
3.1 Skogbruk.....	6
3.2 Jordbruk.....	7
3.4 Særleg om hagebruk.....	9
3.5 Kommunen si rolle.....	9
3.6 Kva tilfell Hjelmeland av statleg støtte?.....	10
3.7 Andre ordningar .....	11
4 UTFORDRINGAR OG UTVIKLINGSTREKK .....	13
5. VIRKEMIDDEL SOM KOMMUNEN HAR .....	15
5.1 Saksbehandlingstid.....	15
5.2 Vidareføra faste kontaktpunkt .....	15
5.3 Samarbeid om prosjekt og konkrete tiltak.....	15
5.4 Informasjonsarbeid og omdømmebygging .....	15
5.5 Arealpolitikk.....	16
5.6 Støtteordningar .....	16
5.7 Andre ordningar .....	16
6. HANDLINGSPLAN .....	17

# 1 Innleiing

Matproduksjon kan vel seiest å vera den viktigaste næringa i verda.



Ser me på berekraftsmåla, er matproduksjon og det å ta vare på produksjonsareala, det sentrale i mange av dei.

Hjelmeland er ein mat-kommune der blå og grøn næring produserer mat til mange fleire enn dei som bur i kommunen. Matproduksjonen er ei viktig næring som sysselset mange folk og krev store areal. Landbruket – som denne planen handlar om – er også viktig for bygdene våre på andre vis enn matproduksjon. Det er viktig for matproduksjonen, men også for folk elles, at areala vert haldne i hevd. Samarbeid med grunneigarane i landbruket er viktige for å få til tilrettelegging for friluftsliv, og produksjonane kan også gi grunnlag for utvikling av andre tilbod. Me talar her om reiseliv og bruk av ressursane i landbruket til å utvikla anna meirverdi.

Hjelmeland er den nest største kommunen i fylket, og er særleg stor på frukt og bærproduksjon i høve til andre delar av fylket. Få slår oss på eple og juletre, og no konkurrerer me med Hardanger i vidareforedling av frukta. Elles er sauene det mest utbreidde dyreslaget. Økonomisk og i volum er nok mjølka og gris dei tyngste bidragsytarane til det samla landbruket i kommunen. Skogen har blitt bygd opp gjennom mange tiår. No har ikkje planting same fokus hjå alle skogeigarane, noko som er ei utfordring.

Kommunestyret har bestilt ein handlingsplan for landbruket. Landbrukspolitik er nasjonal politikk og det er avgrensa kva ein kommune kan påverka. Men nokre verktøy er att i verktøyskrinet, og ein vonar denne planen kan bidra til å påverka utviklinga i den retninga ein ynskjer. Planen er utarbeidd i samarbeid med støtte- og referansegruppa i landbruket der næringsorganisasjonane i landbruket er representerte.

## 2 MÅLSETTINGAR

### 2.1 Kva seier kommuneplanen:

*Hovudmål:*

*Jobb og attraktivitet. Å leggja til rette for vekst i folketalet gjennom satsing på arbeidsplassar og attraktive lokalsamfunn*

*Satsingsområde 1:*

*Vidareutvikla «trekantsamarbeidet» offentleg, privat og frivillig sektor for å skapa ein basis for felles lokalsamfunnsutvikling med vekst i folketalet*

*Satsingsområde 2:*

*Næringsutvikling med basis i eksisterande næringar og der reiseliv vert særskilt vektlagt*

*Satsingsområde 3:*

*Lokalsamfunnsutvikling på ein slik måte at det er mogleg å byggja og bu i bygdene for alle generasjonar, samstundes med ei særleg satsing på tettstadsutvikling*

-----

Me ser at landbruk ikkje er omtala som eige punkt i kommuneplanen sin samfunnsdel. Landbruket er likevel ein viktig faktor for å lukkast med målsettinga over. Landbruk inngår som grunnleggjande ramme for å nytte naturressursane på land. Det er også grunnlaget for mange servicebedrifter som har landbruk som si viktigaste kundegruppe. Å lukkast med omlegging av landbruket til det grønne skiftet, vil vera ein suksessfaktor for framtida. Å ta vare på produksjonsgrunnlaget i form av jord og skog er ein nødvendig føresetnad for vidare utvikling av næringa.

Kommuneplanen sin arealdel er også eit viktig grunnlag for kommunen si tilrettelegging for landbruk og andre næringar. Ofte kan ein møta den haldninga at det grønna på kartet «Berre er LNF», som om det er ein kode for det som ikkje kan brukast til noko anna. Men LNF betyr landbruk, natur og friluftsområde, og er eit viktig grunnlag for kommunen sin arealpolitikk på dette feltet.

### 2.2 Målsettingar for landbruket i Hjelmeland

Landbruket i Hjelmeland operer i hovudsak innafor nasjonale rammer. Men kommunen har også høve til å påverka utviklinga, gjennom sin eigen arealpolitikk og bruk av ressursar elles. Gladmatsatsinga og Ryfest er døme på det, der kommunen har teke ei rolle for å profilera kommunen som matprodusent. Men kapasitet til å handtera søknadar, ressursar til å gi kommunal tilskot og dra i gong prosjekt, er også lekk i ei kommunal satsing.

Meir om utviklinga i landbruket i Hjelmeland, og om rammevilkåra finn du i dei neste kapitla. Dei gir grunnlag for desse målsettingane

#### Prioriterte målsetjingar:

1. Husdyrproduksjonen skal oppretthaldast med same volum som i dag. Mjølkeproduksjon og omlegging til krav om lausdrift skal prioriterast.
2. Veterinærdekninga skal vera stabil og god
3. Produksjonen av frukt og grønt skal auka.
4. Hjelmeland skal vera ein profilert matkommune
5. Areal- og ressursgrunnlaget for landbruket i Hjelmeland skal sikrast og vidareutviklast. Kommunen skal ha ein streng jordvernpraksis.

#### Målsetjingar i ikkje-prioritert rekkjefølgje:

- Rekruttering til næringa skal sikrast
- Tal mjølkebønder skal ikkje vera mindre enn 25
- Nasjonale mål for klimaomstilling i landbruket skal nås
- Bruk av utmarksbeite skal auka
- Produksjonsareala for skogen skal ivaretakast og gjenplantast etter hogst, og tilveksten skal aukast med 15 % frå 2006 nivå.
- Det skal søkjast samarbeid med landbruket om tilrettelegging for friluftsliv
- Fagmiljø skal oppretthaldast
- Eit variert og fint kulturlandskap der naturmangfaldet blir tatt omsyn til
- Kortare saksbehandlingstid ved søknadsbehandling
- Produksjonen av juletre skal auke
- Ressursgrunnlaget på gardsbruka skal nyttast til utvikling av tilleggsnæringar

## 3 Status og nøkkeltal

### 3.1 Skogbruk

Totalt skogareal i Hjelmeland kommune: ca. 147 000 dekar.

Produktivt skogareal ca. 56 000 dekar.

Tilvekst på ca. 25 000 kubikk årleg

Det er totalt 285 eigedomar med skogfondskonto i Hjelmeland (eigedomar med skog)

Avverkinga (hogsten) varierer frå år til år, der det i fjor blei hogd 2000 kubikk og i 2019 blei det hogd 16 000.

Gjennomsnittleg er det hogd ca. 8000 kubikk i året dei siste åra, noko som ved hogst av gran tilsvarar rundt 200 da (50m<sup>3</sup> pr da).

Planting: 150 dekar

Suppleringsplanting: 100 dekar

Ungskogpleie: 100 dekar

Utviklinga ber preg av at det har vore mykje hogst av gran tidlegare, og lite planting. **For å behalde skogressursen må ein auke og oppretthalde planteaktiviteten.** Dei to siste åra har det vore lite hogst, og høgare planteaktivitet, dette bidrar til at skogarealet og ressursen blir bygd opp.

#### **Juletre:**

Produksjon:

14 produsentar; 4 av dei har planta, men har ikkje planter som er store nok for sal enno.

I 2024 reknar ein med mykje planting for då kjem proveniensen «Grassy mt» på marknaden, rundt 14 000 planter.

#### **Sal juletre:**

Ein reknar med totalt sal på mellom 10 000 – 15 000 tre årleg, men det svingar med plantingane.

I 2021 blei det selt ca. 8000 tre gjennom Norsk juletreservice (NJS), i 2022 ca. 13 000 tre.

Ein reknar med eit årleg sal på 2000 – 5000 tre utanom NJS, anten direkte til kunde på torg/bensinstasjon, eller som grossist.

Det meste er eigen produksjon, men også noko innkjøpt norsk eller import.

## 3.2 Jordbruk

Statistikk på jordbruksproduksjonen.

**Oversikt tal søkjarar om produksjonstilskot innafor ulike produksjonar i 2022 og 2002 (1.1.2002 og 31.07.2002)**

Produksjon	Tal søkjarar/føretak <b>2022</b>	Tal dyr/da /kg 2022	Tal føretak i <b>2002</b>	Tal dyr/da/kg i 2002
Mjølkekyr	27	849	78	1100 ca.
Ammekyr	22	279	24	180 ca.
Øvrige storfe	52	2073	109	2462
Verpehøns	6	45 000 ca.	40	Ca. 68 000
Slaktekylling	3	Ca. 550.000 stk.	1	10 stk. slakta i 2001
Sau	137	10608	175	11197 vf + utegående og andre sauer/lam ca. 200 dyr
Avlspurker	10	633	19	540
Ungpurker	8	818	17	316
Smågris	8	Ca.	14	1658
Slaktegris	18		40	Berre tal på teljedato 4111
Fulldyrka eng	162	16868	224	17148
Overflatedyrka eng	93	1311	70	1213
Innmarksbeite	156	18691	203	14394
Sau på beite	136	9900	-----	Ikkje eiga ordning
Lam på beite	135	15 516	-----	-----
Sau på utmarksbeite	118	7631	Sauer og lam 146	18398
Lam på utmarksbeite	118	11613		
Jordbær	2	Ca. 58 000 kg/ 69 da	11	156 da
Bifolk		31 bikuber		Ikkje tilskot
Eple	18	Ca. 450 000 kg /467 da	23	256 da
Pærer	9	47000 kg/38 da	15	73 da
Eple og pære til press	16	237 188 kg		Ikkje tilskot
Plommer	7	15000 kg/78 da	24	105 da
Moreller	8	37 000 kg/66 da	8	26 da

2022:

Her er litt økologisk produksjon; grovfôr & husdyrproduksjon.

Her er noko kornproduksjon, korn i tillegg til andre produksjonar.

Her er litt potet og grønnsakproduksjon, få produsentar.

Andre bær; blåbær, stikkelsbær, bringebær, solbær og rips. Liten produksjon.

Vel 50 stk. sel grovfôr, ca. 6 400 tonn surfôr og 9,7 tonn høy.

2002:

1 produsent dreiv økologisk

7 stk. hadde totalt 17 da andre bær.

7 stk. hadde oppvarma veksthus ca. 11 da totalt.

8-9 stk. hadde korn i tillegg til anna produksjon. Totalt ca. 685 da.

7 stk. selde 66 tonn høy, og 35 stk. selde 1810 tonn surfôr.

Me har i mange år rekna mjølkeproduksjonen som bærebjelken i jordbruksproduksjonen. Me ser at det over tid har minka kraftig på tal aktive produsentar. No er her snautt 60 landbrukseigedomar som har mjølkekvote, men dette utgjer ikkje fleire enn snautt 30 aktive produsentar/hentepunkt for mjølkebilen. Ein del kvotar blir leigde bort og drivne av andre, og nokre få samdrifter driv fleire kvotar. Mjølkemengda som blir produsert i Hjelmeland har vore stabil i mange år og er på ca. 6 millionar liter. Kva som skjer no i 23/24 når kriteria for kvotesal er endra, kan bety mykje for vidare utvikling.

I følge NIBIO sine tal frå 2017 står mjølkeproduksjon for 35 % av verdiskapinga, svin 22 %, sau 18 % egg 10 %, ammeku 6 %. Då (altså 2017) var verdiskapinga pr produksjon i millionar kroner ca. 33 mill. kr for mjølk, 6 mill. kr for ammeku, 21 mill. kr for svin, sau 17 mill. kr, egg og fjørfe 10 millionar. Sum snautt 95 millionar.

Etter 2017 har fruktproduksjonen og foredlinga auka mykje, her er bla mykje større verdiproduksjon nå enn i 2017. Mykje nyplanting med dryppvatning har funne stad. Avlingane pr. da er vesentleg større. Me ser også aukande satsing på morelldyrking i plasttunnel.

Me har og noko av dei fleste andre produksjonar; ammekyr, sau, gris både avlspurker og slaktegris, verpehøner og slaktekylling.

Eit mjølkebruk driv med vidareforedling i kommersiell skala. Dette er eit viktig bidrag til lokalmatprofileringa i kommunen, der kommunen har engasjert seg på fleire måtar. To år med premiering av Hjelmeland Naturlegvis på Gladmat har gitt mykje god PR.

### 3.3 Spørjeundersøking – kva seier bonden hausten 2022?

Undersøkinga er utført i regi av Landbrukspartnerskapen i Rogaland, dvs. Rogaland Fylkeskommune, Statsforvaltaren i Rogaland, Rogaland Bondelag, Rogaland Bonde- og Småbrukarlag, Innovasjon Norge Rogaland og Skognæringsforum.

Svarprosent på ca. 40 %.

Av dei som har svara er det 25 % som opplyser at det ikkje er drift om 15 år.

Svara viser reduksjon i produsentar som driv med mjølk, sau, egg og ammeku. Her er planar om auke på smågris og stabilt på slaktegris.

Det er og signal om reduksjon på frukt og grønnsaker, honning og grovførsal.



Det er plan om auke i tilleggsnæringar og skogsdrift.

Spørjeundersøkinga tek ikkje omsyn til storleik på produksjonen, berre tal føretak i drift. Med få som har svara innan ulike produksjonar, blir endring på ein eller to produsentar store prosentvise endringar. Ein kan difor ikkje sjå på prosenttal, men må sjå på trendar.

### 3.4 Særleg om hagebruk

Hjelmeland har hatt ei eventyrleg utvikling innafor fruktproduksjon, og foredling av dette. I 2020 vart den fyrste kommersielle siderflaska seld, i år er det mogleg å få kjøpt 12-14 variantar frå fire etablerte prisbelønna produsentar. Utvalet av eplemost er enda større. Det er etablert fruktpakkeri i kommunen. Morellproduksjonen aukar også år for år. Jordbær er framleis viktig i Hjelmeland.

Produksjon av juletre og pyntegrønt er i grenselandet mellom skogbruk og hagebruk, og juletreproduksjonen er omtalt under skogbruket. Her er ivrige satsingsviljuge bønder, sjølv om ein no også ser utfordringar knytt til rekruttering. Kommunen var tidleg ute med en heradsgartnarordning, noko som var viktig for å få «gang på» næringa. Seinare er rettleiing og finansiering via ulike ordningar viktige innsatsfaktorar. Ein del av rettleiingsapparatet har tilknytning til Hjelmeland. Som elles i landbruket er opplevinga ein profesjonell bransje som veit kva dei held på med og kva som må til.

### 3.5 Kommunen si rolle

Kommunen har ei forvaltningsrolle for statlege tilskot til landbruket. Rolla har endra seg noko over tid, slik at staten i større grad enn før fokuserer på at kommunen skal ha ein kontroll- og tilsynsfunksjon. Det vil seia at ein skal passa på at dei oppgitte tala er rette og kontrollera at dei som søker fyller vilkåra for å få tilskot. I kvart søknadsår skal kommunen kontrollera 5-10 prosent av søknadane, i fleire av ordningane. Den mest omfattande søknadsrunden gjeld produksjonstilskot. Men der er også fleire andre ordningar som produksjonssvikt, sjukepengerefusjon, regionalt miljøtilskot, nærings- og miljøtiltak i skogbruket mv.

Kommunen behandlar også søknadar om vegbygging, drenering og dyrking. Og søknadar etter konsesjonslova og jordlova. Kommunen er også «mellomstasjon» for søknadar om tilskot frå Innovasjon Norge.

Den viktigaste rolla i arealforvaltninga har nok kommunen gjennom arbeidet med kommunale planar og enkeltsaker etter plan- og bygningslova. Det er her dei viktigaste rammene for eit aktivt landbruk blir lagt.

Kommunen har også eigne støtteordningar i form av tilskot til næringsføremål inkl. dyrking, og støtte til grønt omstilling.

Det er i dag rundt to årsverk knytt til «rein» landbruksforvaltning i Hjelmeland kommune.

Kommunen organiserer den statlege støtta til veterinærvaktenesta i søre Ryfylke.

Kommunen gir ut «Bondeposten» for å informera om ulike hendingar og fristar. Det er også eiga gruppe «Hjelmeland kommune – landbruk» på Facebook med 470 medlemmer.

## Særlege prosjekt

Over tid samarbeider kommunen med næringa innafor ulike prosjekt. Det mest omfattande til no er samarbeidet med Statsforvaltar og Rogaland fylkeskommune om eit halvt årsverk på vegplanlegging i skogbruket. Dette mogleggjer at Hjelmeland har ei profesjonelt og oppdatert teneste både på vegplanlegging og på andre delar av skogbruksforvaltninga. Samarbeidet har pågått sidan 1.1.2017.

Andre pågåande prosjekt pr våren 2023 med ekstern delfinansiering:

- Samarbeid om lokalmat, inkludert Gladmat-satsing
- Klimaprojekt med fokus på informasjon og opplysning
- «Pådrivarprosjekt» i skogbruket (for å få fart på skogkultur og planting)

Generelt er det gode finansieringsmoglegheiter for inn til 50% av kostnadane med denne type prosjekt, men dei er til gjengjeld ganske arbeidskrevjande når dei kjem «oppå» ordinær drift.

## 3.6 Kva tilfell Hjelmeland av statleg støtte?

### **Produksjonstilskot:**

Det statlege produksjonstilskotet er den største og viktigaste årlege tilskotskjelda for bøndene.

I 2022 vart det samla utbetalt 85 684 961 kr i produksjons- og avløysartilskot for heile kommunen. Utbetalingane var fordelte på 186 bruk.

### **Regionalt miljøtilskot og organisert beitebruk ( RMP og OBB):**

RMP 2022 (inkl. OBB)

106 søkjarar, totalt 2,4 millionar utbetalt. Av dette 1,4 mill til kulturlandskapstiltak, nesten 360 000 til friluftsliv.

### **SMIL-midlar og dreneringstilskot – løyvde i 2022**

Ca. kr 607 000,- i SMIL-midlar og ca. kr 102 000,- til drenering. 2022 var eit år der me hadde mange saker og løyvde mykje midlar.

### **Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK-midlar) – løyvde i 2022**

Det blei løyvde om lag kr 400 000,- til skogkultur og kr 300 000,- til skogsveg/taubane.

### **Investerings og etableringsstøtte**

Innovasjon Norge yter investerings- og etableringsstøtte etter søknad.

### **Generelle ordningar**

Rogaland fylkeskommune yter midlar til prosjektretta tiltak som ikkje går på enkeltforetaksnivå.

### 3.7 Andre ordningar

#### **Norsk Landbruksrådgjeving, NLR**

Der er rådgjeving på dei fleste felt, og hovudkontoret ligg på Særheim. Ein del av bøndene i Hjelmeland er medlem her.

Frukt og bær har eiga rådgjevingsteneste i samarbeid med frukt/bærbønder andre stader.

#### **Tenesteleverandørar til landbruket**

Det er lokale rekneskapsførarar, vareleverandørar og andre som er viktige for landbruket. Landbruket er også viktig for dei.

#### **Avløyssarlag**

Landbrukstenester Ryfylke har kontor plass i Årdal og betener Hjelmeland, Strand og Forsandelen av Sandnes. Desse er arbeidsgjevarar for avløyssarar og hjelper til ved sjukdomsavløyssing. Det er eigen landbruksvikar som er knytt opp mot Landbrukstenester Ryfylke (gjeld Hjelmeland og Strand; statleg støtte).



#### **Viktige «støttespelarar» elles:**

Faglag, organisasjonar og rådgjevarar utfører viktige funksjonar av og for bøndene.



Gladmat - Foto: Hilde Hauge/Feien og fjong

## 4 UTFORDRINGAR OG UTVIKLINGSTREKK

Korleis skal ein oppsummera utviklinga i landbruket i Hjelmeland? Her er både godt og vondt. Landbruket er på alle vis ei basisnæring med mange flotte utøvarar som syter for matproduksjon av høg kvalitet, og i tillegg er gode ambassadørar for eit flott kulturlandskap.

Generelt har produksjonen vore stabil, men det er blitt færre bønder og større einingar. Nokre produksjonar har og opplevd auke over ein 20-årsperiode, som gris, ammeku, slaktekylling og frukt (sidan 2017). Med færre aktørar er det og ei utfordring å vedlikehalda produsentmiljø og kollegafelleskap i ein langstrakt kommune. Færre aktørar gir seg og utslag i færre stoppepunkt for veterinærtenesta, og mindre grunnlag for deira aktivitet på dagtid. Mangel på nettverk kan i nokre høve vera fatalt i høve til psykiatri, og det er difor teke initiativ til å etablera «Bondens nettverk» og i Hjelmeland. Dette er eit samarbeid mellom fleire instansar for å fanga opp dei som slit for å kunne kanalisera inn hjelp på eit tidleg tidspunkt.

Mange kombinerer bondeyrket med full jobb utanom bruket, noko som og kan gi seg utslag i mindre tid til kompetanseoppbygging og på utvikling av bruket. Heldigvis ser me døme på det motsette også; det vert henta inn pengar eksternt for satsing på garden.

Nasjonalt regelverk og utviklingstrekk slår ut lokalt. Overgangsordninga for såkalla «eingongspurker» (ordning der purker vert slakta ut etter berre eit kull med smågris) i konsesjonsregelverket for gris gjeld fram til 31.12.2024. Frå 01.10.2025 vil eingongspurkene telje med i konsesjonen. Kva skjer då? Bli her stor nok produksjon av gris, blir her kapasitet som står ledig, og er det behov for at andre må investere i bygg til gris?

Nasjonalt og innafor dei enkelte produksjonane er det auka fokus på miljø, dokumentasjon/journalføring og dyrevelferd, gjerne med omfattande digitalisering i journalføringa. Dette kan opplevast krevjande både med omsyn til kostnad og kompetanse, særleg for dei minste einingane.

Frå 1.1.2024 slår nye krav til auka beitebruk og større kalvebingar inn. Frå 2034 slår nasjonalt krav om lausdrift i mjølkeproduksjonen inn. Å finansiera «løftet» frå båsdrift til lausdrift er tungt for bruk med avgrensa produksjonsgrunnlag, og vil truleg føra til ytterlegare nedlegging av mjølkebruk. I 2023 er det dessutan bestemt at i 2023 og 2024 kan heile kvotemengda seljast til private kjøparar innafor produksjonsregionen. Heile eller deler av kvoten kan og seljast til staten. Det vil ikkje bli seld kvote frå Staten i 2023 (pga her er sannsynlegvis ikkje noko å selje). Det blir sjølvsagt interessant å sjå korleis dette kvotegrepet slår ut for mjølkeproduksjonen i Hjelmeland.

Som elles i landet er det auke i mengde leigejord. Bruk som legg ned, leiger ut jorda til andre. Dette er i utgangspunktet positivt, samstundes er det lett at leigejorda vert nedprioritert i høve til vedlikehald og oppgradering av kvalitet. Slurv i gjerdehaldet, gjer at dei som framleis held fast på sauene oftare får trøbbel med å halda den på rett stad. Moderne innretningar som «No-fence» klave på både småfe og storfe gir på den andre sida nye moglegheiter.

I utgangspunktet er det driveplikt på all landbruksjord og skog. I kva grad ein skal nytta juridisk verktøy for å handheva denne, er ei drøfting ein må ta. Pr. i dag kan ein sjå på noko av dette som ei arealreserve.

Me registrerer elles auka fokus på foredling/lokalmatsatsing. Fleire produsentar klarer og å ta ut ein ekstra gevinst med å kombinera slik foredling/lokalmatsatsing med noko reiseliv. Dette er nisjar det er eit poeng å gjera mest mogleg ut av. Likevel må ein ta til etterretning at det meste av

landbruksproduksjonen vil vera avhengig av ordinære salskanalar gjennom slakteri/meieri/fruktlager/grossist.

«Garden som ressurs» eller Landbruk pluss er og eit felt som ein ser fleire satsingar innafor. Døme er her er glamping, hundepensjonat og guida turar. Til tider kan det vera vanskeleg å vekta landbruksinteressene i høve til nye næringar.

Statsforvaltar har nyleg gjennomført ei spørjeundersøking som gir ei peikepinn om korleis bonden sjølv ser for seg framtida om 15 år, jf. avsnitt 3.3. For Hjelmeland sin del antydar meir enn 40 % av dei som svara av mjølkebøndene at dei kjem til å gi seg. Innafor sauehaldet antydar ein tredjedel på fylkesbasis at dei vil gi seg.

Det som i størst grad ser ut til å påverka vurderinga av framtida er behov for investering og manglande tilgang på investeringsmidlar, lønsemd og generasjonsskifte.

I den grad Hjelmelands-bonden meiner han/ho treng meir kunnskap, så vil dei gjerne vite meir om presisjonslandbruket, teknologi, miljø- og klimakrav.

Dette er trendar som ein må forhalda seg og ta aktive grep i forhold til om ein vil påverka den enkelte til å gjera andre val.

Innafor skogbruket er det på kommunenivå framleis ei utfordring med for lite planting i høve til hogst, og at skogen vert teken ut for tidleg. Det er sett inn ressursar for å påverka dette, men det krev arbeid over tid. Skogen er ei viktig klimabrikke i framtida.

Generelt er skogen hovudnæring for veldig få, men mange har skogressursar som kan nyttast betre. Meir kompetanse innan skogforvaltning til fleire hadde vore ønskjeleg.

#### Nydyrking/Massefyllingar



Massefyllingar er i dag meir komplekse saker i forhold til søknadskrav. Massefylling kan gi godt dyrkingsareal, men regelverket er utfordrande.

#### Spreieareal:

Det er lenge vore arbeidd med ei ny gjødselvereforskrift, som blant anna omhandlar reglane om spreiearealkrav. Det er arbeidd med forslag om auka krav til spreieareal som kan få stor innverknad for ein del av bøndene.





Foto: Nibio: Sau er det vanlegaste husdyret i Hjelmeland

## 5. VIRKEMIDDEL SOM KOMMUNEN HAR

### 5.1 Saksbehandlingstid

Veldig mykje av det som skjer av nye tiltak på garden, krev ei avklaring i høve til kommunen. Det kan vera byggeløyve, dyrkingsløyve eller anna. Skal bøndene i Hjelmeland «hengja med» er det ein føresetnad at det er nok saksbehandlarkapasitet til å ta seg av søknadar fortløpande. Eit verkemiddel er då at kommunen syter for nok ressursar til slik saksbehandling.

### 5.2 Vidareføra faste kontaktpunkt

Kommunen har i dag eit godt samarbeid med næringsorganisasjonane i landbruket gjennom støtte- og referansegruppa. Eit verkemiddel er å halda fram med støtte- og referansegruppe som kontaktpunkt.

For å støtte opp om god psykisk helse, har ein og gått inn i ordning med Bondens nettverk. Dette er eit anna kontaktpunkt.

### 5.3 Samarbeid om prosjekt og konkrete tiltak

Kommunen har ved fleire høve samarbeidd med næringa om aktuelle prosjekt av felles interesse. Kommunen kan og samarbeida med andre aktuelle instansar for å få på plass ordningar som gagnar landbruket. Samarbeid om skogsvegprosjekt, pådrivarprosjekt i skognæringa og lokalmat er døme på dette.

Friluftsliv, ulike prosjekt innan klima og berekraft er andre døme på område det går an å samarbeida om.

### 5.4 Informasjonsarbeid og omdømmebygging

Kommunen syter i dag for informasjon **til** næringa: Bondeposten, landbrukslunsj, landbruks-Facebook.

Informasjon **om** næringa skjer i dag via landbruksmøte, kunngjering av nøkkeltal, Kontaktmøte med handels og servicenæringa.

For å nå fleire enn dei som jobbar direkte med landbruk, kan ein syta for informasjonsflyt i organisasjonen administrativ og politisk.

### 5.5 Arealpolitikk

Kommunen sin politikk i høve til jordvern kan gjera ein forskjell når det gjeld å ta vare på landbruksjord. Eit verkemiddel for å ta vare på jorda er å vidareføra ein aktiv jordvernpolitikk og syta for at landbruksjord vert teke omsyn til i arealplanlegging. Ved revisjon av kommunale arealplanar kan ein vurdere tilbakeføring av allereie omregulerte område.

Kommunen er og den som handhever lovbestemt bu- og driveplikt. Å vektlegga busetting på gardsbruka særleg i ytterkrinsane vil vera vesentleg for å oppretthalda aktive lokalsamfunn.

Kommunen kan jobba aktivt for å få på plass levedyktige mindre bruk gjennom handlingsrommet som er gitt i rundskrivet «Landbruk pluss».

### 5.6 Støtteordningar

Ved å vera aktiv i høve til å informera om statlege støtteordningar, kan ein og vera katalysator for at næringa sjølv og kan nytta slike ordningar.

Kommunen vurderer årleg i budsjettsamanheng eigne støtteordningar til dyrking, løypelegging, klimatiltak mv.

Det ser ut til at kommunen må ta ei aktiv rolle om ein ønskjer å sikra god veterinærdekning. Den statlege ordninga med vakttenesta for veterinærar er ikkje god nok. Her må kommunen samarbeida med dei andre kommunane i veterinærdistriktet, og med regionale og nasjonale styresmakter.

Kommunen kan framleis bidra til at det eksisterer ei ordning med landbruksvikar.

### 5.7 Andre ordningar

Vinterlandbruksskolen i Ryfylke har til no vore viktig for rekrutteringa til næringa, og er eit verkemiddel i det vidare arbeidet. Ved økonomisk eller politisk støtte kan kommunen bidra til at ordninga held fram.

Kommunen kan gi støtte til /leggja til rette for avløysarkurs.



## 6. HANDLINGSPLAN

Den følgjande handlingsplanen viser til målsettingane i kap. 2.2, med ein tabell for kvar målsetting. I tabellane har ein vist til målsettinga, nokre punkt om kva som må til for å nå målet, før det er sett opp forslag til tiltak.

For kvar einskild tiltakspunkt har ein peika på kva for nokre verkemiddel ein brukar i tiltaket, referert til verkemidla i kap. 5.

Det er sett ein tidsfrist der det er aktuelt og peika på kven som har ansvar for gjennomføring av tiltaket. POF= plan- og forvaltningsseksjonen

<b>Mål 1:</b>			
<b>Husdyrproduksjonen skal oppretthaldast med same volum som i dag. Mjølkeproduksjon og omlegging til lausdrift skal prioriterast.</b>			
<b>Kva må til?</b>			
- investering			
- rekruttering			
- Jordvern			
- ein fungerande marknadsregulering			
<b>Tiltak</b>	<b>Verkemiddel</b>	<b>Tidsfrist</b>	<b>Ansvar</b>
Formidla informasjon om tilskot frå Innovasjon Norge m.fl, og rettleie i søknadsprosess	Støtteordningar	Fortløpande	POF
Kommunal støtteordning for investeringar i landbruket	Støtteordningar	Årleg budsjett	Politisk/ POF
Unngå omdisponering og nedbygging av dyrka og dyrkbarjord.	Arealpolitikk	Fortløpande	Politisk
Bidra til utdanningstilbod og kompetanseoppbygging innafor landbruk ( t.d. Vinterlandbruksskulen)	Støtteordningar Samarbeid	Fortløpande	Politisk/POF
Kommunen skal bidra til god kontakt mellom landbruket og rådgjevingstenestene, forskings- og innovasjonsmiljø.	Informasjonsarbeid Samarbeid	Fortløpande	POF
Bidra til at mjølkekvotar blir i Hjelmeland	Politisk påverknad nasjonalt	Fortløpande	Politisk

**Mål 2:****Veterinærdekninga skal vera stabil og god****Kva må til?**

- lønsemd for bonde og veterinær
- stabilt dyretal
- ei vaktordning til å leva med

Tiltak	Verkemiddel	Tidsfrist	Ansvar
Syte for at vaktavtalane gir ei vaktordning som kan gi grunnlag for stabil og varig veterinærdekning.	Økonomi	Januar 2024	POF/Økonomi
I samarbeid med Strand/Sandnes vurdere å nytte veterinær til andre kommunale oppgåver for å sikre veterinærane jobb på dagtid.	Økonomi Samarbeid	Årleg budsjett	Politisk Administrasjon

**Mål 3:****Produksjon av frukt og grønt skal auka****Kva må til?**

- investering
- rekruttering
- ein fungerande marknadsregulering

Tiltak	Verkemiddel	Tidsfrist	Ansvar
Formidla informasjon om tilskot frå Innovasjon Norge mfl., og rettleie i søknadsprosess	Støtteordningar	Fortløpande	POF
Bidra til utdanningstilbod og kompetanseoppbygging innafor landbruk ( t.d. Vinterlandbruksskulen)	Støtteordningar Samarbeid	Fortløpande	Politisk/POF
Kommunen skal bidra til god kontakt mellom landbruket og rådgjevingstenestene, forskings- og innovasjonsmiljø.	Informasjons- arbeid Samarbeid	Fortløpande	POF

**Mål 4:****Hjelmeland skal vera ein profilert matkommune.****Kva må til?**

- Halda fram med satsing på lokalmat
- møteplassar mellom blå og grøn næring
- matproduksjon som ein del av reiselivsutviklinga

Tiltak	Verkemiddel	Tidsfrist	Ansvar
Fullføre pågåande lokalmat- og reiselivsprosjekt	Samarbeid Støtteordningar	Juni 2024	POF
Legge til rette for samarbeidsarenaer mellom aktørar i landbruk og reiseliv	Samarbeid Informasjon	Fortløpande	Samfunn og næring
Delta på Gladmat	Samarbeid Økonomi	Årleg Budsjett	Samfunn og næring Politisk
Legge til rette for satsingar i matnæringa innafor sal/marknadsføring/merkevarebygging	Samarbeid Informasjon Støtteordningar	Fortløpande	Samfunn og næring
Jobbe for at landbruksprodukt er tilgjengelege for kjøp lokalt, t.d. på Ryfest.	Samarbeid Informasjon	Fortløpande	Politisk Samfunn og næring

**Mål 5:****Areal- og ressursgrunnlaget for landbruket i Hjelmeland skal sikrast og vidareutviklast.****Kommunen skal ha ein streng jordvernpraksis****Kva må til?**

Produksjonsareala må sikrast gjennom plan og i vedtak etter plan- og bygningslova og landbrukslovgjevinga

Tiltak	Verkemiddel	Tidsfrist	Ansvar
Sikra areal i kommuneplan og reguleringsplanar	Arealpolitikk	Fortløpande	Politisk og administrasjon
Ta omsyn til jordvern i enkeltvedtak	arealpolitikk	Fortløpande	Politisk og administrasjon

**Mål:****Rekruttering til næringa skal sikrast.****Kva må til?**

- lønnsend i næringa
- tilgang til gardsbruk
- marknadsføring av næringa
- gode velferdsordningar

<b>Tiltak</b>	<b>Verkemiddel</b>	<b>Tidsfrist</b>	<b>Ansvar</b>
Bruka konsesjonslova for å behalda gardsbruk som arbeidsplass og buplass	Forvaltning av lovverk	Fortløpande	Politisk/POF
Påverke nasjonal politikk ift. velferdsordningar	Politisk arbeid Samarbeid	Fortløpande	Politisk
Positiv marknadsføring av landbruksnæringa i kommunen	Informasjons- arbeid	Fortløpande	POF/Kundesenter
Halda fram med kommunal tilskotsordning til investeringar i næringslivet inkl. landbruket.	Støtteordningar	Årleg budsjett	Politisk/POF/næring
Kommunen må jobbe aktivt mot fylkeskommunen for å påverke til at det er gode tilbod om landbruksutdanning i regionen.	Samarbeid Kontakt	Fortløpande	Politisk
Støtte opp om vinterlandbruksskulen	Støtteordningar Politisk arbeid	Årleg budsjett	Politisk
Årleg landbruksmøte	Informasjon Samarbeid	Årleg - innan utgangen av mars	POF/ landbruksorganisasjo nane
Unngå langvarig forpakting av gardsbruk	Informasjon Politisk arbeid	Fortløpande	POF/Politisk/landbru ksorganisasjonane

<b>Mål:</b>			
<b>Nasjonale mål for klimaomstilling i landbruket skal nås.</b>			
<b>Kva må til?</b>			
- kunnskap om agronomi, føring og ny teknologi			
- fossilfri oppvarming og maskinpark			
<b>Tiltak</b>	<b>Verkemiddel</b>	<b>Tidsfrist</b>	<b>Ansvar</b>
Gi rettleiing og informasjon om regionale og statlege tilskotsordningar til klimatiltak	Støtteordningar (RMP Innovasjon Norge Bionova)	Fortløpande	POF
Informasjon/rettleiing dreneringstilskot	Støtteordningar (SMIL)	Fortløpande	POF
Prioritere midlar og ressursar slik at administrasjonen kan halde seg fagleg oppdatert og oppdatert på statlege/regionale verkemiddel	Økonomi Støtteordningar	Årleg budsjett	Politisk/POF
Kommunen skal bidra til rettleiing og informasjon for robust infrastruktur, både i jord- og skogbruket, for å takle klimaendringar	Informasjon Samarbeid	Fortløpande	POF
Jobba politisk	Bruka kanalar i parti og Rogalandsbenk	fortløpande	Politisk
I større grad unngå spreieing av husdyrgjødsel etter frist	Informasjon Motivasjon Støtteordningar	Fortløpande	POF Politisk
Kommunen skal leggje til rette for kurs og fagmøte om klimaomstilling	Økonomi Samarbeid Informasjon	Årleg	POF

<b>Mål:</b>			
<b>Bruk av utmarksbeita skal auka.</b>			
<b>Kva må til?</b>			
- betre gjerdehold			
- betre løysingar for, og mindre kostnadar med transport			
- lønsemd i næringa			
<b>Tiltak</b>	<b>Verkemiddel</b>	<b>Tidsfrist</b>	<b>Ansvar</b>
Informera om og stimulera til bruk av tilskot til OBB, og til at fleire organiserer seg i beitelag.	Støtteordningar Informasjon	Fortløpande	POF
Stimulera til bruk av utmarksbeite både for sau og storfe.	Informasjon	Fortløpande	POF

**Mål:**

**Produksjonsareala i skogen skal ivaretakast og gjenplantast etter hogst, og tilveksten skal aukast med 15 % frå 2006 nivå.**

**Kva må til?**

- oppfølging etter hogst
- auka kunnskapsnivå hjå skogeigar
- fagleg oppfølging av skogeigarane

Tiltak	Verkemiddel	Tidsfrist	Ansvar
Opplysa om og stimulera til bruk av tilskotsmidlar	Kommunale og statlege tilskotsordningar	Fortløpande	POF
Bruke lovverket aktivt ift. oppfølging etter hogst	Saksbehandling	Fortløpande	POF
Jobba for auka skogkompetanse, bla tilby kurs og opplæring i moderne skogpleie, skogkultur og berekraftige driftsmetodar.	Regionale tilskotsordningar Informasjon Samarbeid	Fortløpande	Politisk/POF
Arrangera skogdag minst 1 gong i året.	Informasjon	Årleg	POF Landbruksorg.
Følgja opp prioriteringar i NMSK-strategien	Tilskotsordningar	Fortløpande	POF

**Mål:**

**Det skal søkjast samarbeid med landbruket om tilrettelegging for friluftsliv.**

**Kva må til?**

- gode samarbeidsrutinar
- midlar og ressursar frå kommunen
- informasjon om regionale/statlege støtteordningar for tilrettelegging

Tiltak	Verkemiddel	Tidsfrist	Ansvar
Informasjon om tilskot til tilrettelegging i RMP	Informasjon	Årleg – 1. halvår	POF
Prioritera stillingsressursar til tilrettelegging av turstiar inkl. samarbeid med grunneigarane	Regionale/statlege støtteordningar	Årleg budsjett	Politisk Samfunn og næring
Leggja til rette for bruk av gjerdeklyvarar og hundeportar.	Informasjon Støtteordningar	Fortløpande	POF
Hjelpe til med informasjon om bandtvang og ferdsel i landbruksområda	Informasjon	Fortløpande	POF

**Mål:****Fagmiljø skal oppretthaldast****Kva må til?**

- Oppretthalde tal bønder på eit visst nivå
- Rettleiingsteneste og faglag

Tiltak	Verkemiddel	Tidsfrist	Ansvar
Årlege møte mellom ulike instansar i fagrettleiing/forvaltning	Faste kontaktpunkt	Årleg	POF
Samarbeid med Norsk Landbruksrådgjeving og andre rådgjevingstenester	Samarbeid	Fortløpande	POF
Samarbeide med faglaga om fagmøte og seminar (t.d. bondelunsj)	Samarbeid Informasjon	2 - 4 pr år.	POF

**Mål:****Eit variert og fint kulturlandskap der naturmangfaldet blir tatt omsyn til.****Kva må til?**

- oppretthalde beitebruken
- kunnskap om naturmangfald og samanhengen mellom driftsmåtar og naturtypar.

Tiltak	Verkemiddel	Tidsfrist	Ansvar
Kommunen skal arrangera fagdag/temamøte om naturmangfald og kulturverdiar, og bruk av ulike temakart-/fagdatabasar	Informasjon	2024	POF
Kommunen skal informera om støtteordningar (SMIL/RMP/OBB)	Informasjon	Fortløpande	POF
Kommunen skal ta initiativ til samarbeid med lokale organisasjonar for involvering i arbeidet med bevaringa av kulturlandskap og – miljø.	Informasjon Samarbeid	2024	POF

**Mål:****Ressursgrunnlaget på gardsbruka skal nyttast til utvikling av tilleggsnæringar****Kva må til?**

- informasjon om moglegheitene som finns på garden
- meir ressursar til saksbehandling
- tilrettelegging i kommuneplan

Tiltak	Verkemiddel	Tidsfrist	Ansvar
Nytta kommuneplan som verktøy for å leggja til rette for tilleggsnæringar	Kommunal planlegging		Politisk/ administrasjon
Gi informasjon om etablerar-rettlegging og støtteordningar	Informasjon	Fortløpande	POF

**Mål:****Produksjonen av juletre skal auke****Kva må til?**

- Det må vera tilgang på kompetanse om juletreproduksjon
- Informasjon om næringa

Tiltak	Verkemiddel	Tidsfrist	Ansvar
Gi rettlegging og informasjon om regelverk	Informasjon	Fortløpande	POF
Støtte opp om initiativ frå næringa innan rekruttering og kompetanse	Samarbeid	Fortløpande	POF
Informere om status i næringa i kontakt med andre myndigheiter	Samarbeid Informasjon	Fortløpande	POF